| Skule | Klasse | Elevnummer | Kjønn | | Det fyrste språket du lærte | | Utkast: |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| [redacted] | [redacted] | p619 | jente [ ] | gut [X] | Norsk [X] | Anna [ ] | 1 |

linjeskift

03.02.14

Kjære lærar | dette er ein elevpresentasjon av
meg sjølv. Du er kanskje spent på kven eg er.

Mitt navn er [redacted] og eg bur i [redacted]
46. Eg er ein glad og livlig gut. Eg likar
å sykla og å spela fotball. På fritida mi spelar
eg kornett i eit skulekorps. Eg har spelt
i fire år og begynner å bli lei.
I vår familie er det fem stykk.
Foreldrene mine er skilt og pappa
bur i [redacted] Eg er hos han
anna kvar helg. Eg bur med mamma,
stefar og storebror som er femten år.
Eg har og ein stebror som bur i
Stavanger og er Sytten år

Eg likar skulen og har mange venner.
(Og) Når det gjeld det faglege så
jobber eg godt i timen ane men av
og til kan det bli litt prating. komma
Faga eg likar er matematikk, gym
og engelsk. Dei faga eg ikkje likar
er naturfag, samfunnsfag og RLE komma
fordi nokre gonger kan det bli litt
vanskeligt å forstå.

| Skule | Klasse | Elevnummer | Kjønn | | Det fyrste språket du lærte | | Utkast: |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | jente | gut | Norsk | Anna | |
| [redacted] | [redacted] | p619 | ☐ | X | X | ☐ | 1 |

Eg er best i dei faga eg likar.
Som sagt er det nokre fag som det er vanskeligt å forstå (i.)

Eg er spent på å få sjå kven eg kommer i klasse med og korleis det kommer til å gå i fagene.
Når eg tenkjer på ungdomskolen tenkjer komma eg mest på framføringane og korleis det kommer til å gå når eg skal snakka framfor klassen.
Eg gler meg til å få arbeidsveker og å treffa nye folk og lærerar.

Eg gler meg til å treffa deg og dei andre i klassen.
Det vert spennande å komma på ungdomskulen.

Vennlig hilsen [redacted]